

ANDERS T. VELAND
Hosøyvegen 126
5993 Oster.

LINE ASIKK RIMUNE
Klassering
15/3531
24. 08. 2016

24-August-2016

Jindås kommune, Plan- og miljøutv.
Kvernhusmyrane 20, 5914 Tidalstø

Hosøyvegen Småbåthamn gnr 11/135

Er det at reguleringsgrensa for plan-
framlegget, på østsida er lagt tett
innåt LANGHOLMEN! Her må Spøfarts-
myndet koma med sitt syn på saka.
Ein vil tru at dei er varsla frå kommun.
om planen, og fått oversendt denne til
uttale?

"Den indre farleida" mellom Hindenes-
fjorden og Rødlandsosen-Austfjorden går
gjennom sundet her, og er til tider mykje
trafikkert (BUSUNDET er namnet)

Får ein no båthamna med 75 båtar, so
kan det bli livlegt i sundet, til tider?
Farten gjennom sundet må regulerast
med skilt og påbod om SAKT FART.

Når det gjeld trafikk på Hosøyvegen
er det i planutkastet trekt fram, og eg
vil sei "strensa under" kor lite
trafikk der er på veggen. Kvifor blir
trafikkbilete lagt fram slik?
Det er vel det framtidige bilete ein

må sjå føre seg? Planfremjaren skiss-
erar det heile området slik: Til Hosøy
kjem det på fredagskvelden ~~tjener~~
køyrande nokre hytteeigarar, som blir
på hytta til søndag, då dei tutlar attende
til byen!

Slik er det ikkje. Bilete er eit
heilt anna:

Pr. dato ligg der 15 hytter på Hosøy.
I hyttene bur og ferierar gjerne 2-3
generasjonar samstundes. Og nokre
(pensjonistar) er på hyttene store delar
av året. Dette skapar sjølvsagt mykje
uregulert trafikk

Eller er her på Hosøy, pr idag, 9stk
bustadhus med 25 fastbuande personar.
Fleire av desse køyrer dagleg til og frå
jobben. Her er skulebarn som går -
sykklar til og frå busshaldeplansen på
Hölleland, osv.

Eller so skal veggen, 24 timar i døgeret
vere farbar for: Avisbil, morgon. Buss-
bil 3 dagar i veka. Postbil 5 dagar.
Heimehjelp - sjukepleiar 24 timar i
døgeret. Utrekkeskjøretøy 24 timar.
Brøytebil - vinter 24 timar

Ser under pkt 9.8 i planeteksteb
at: "Holmane i området kan framleis
nyttast til rekreasjon og bading"

Med nye 75 båtar i tillegg til dei 20-30
som høyrer til i området frå før. So bør
ein vel helst sterkt fraråda bading
i spoen der?

Hosøy 22./8-2016

Oscar T. Velant